

Omsorgsløn – ordning med mange klager

Media, brukarar og forskarar har kritisert ordninga med omsorgsløn. Ankepunkt har vore at kommunane praktiserer ordninga ulikt, og at mange brukarar opplever praktiseringa som tilfeldig og urettferdig.

Omsorgsløn er kommunal betaling til privatpersonar som gir omsorg til personar med stort omsorgsbehov som følgje av alder, funksjonshemming eller sjukdom. I 2008 fekk 8000 personar omsorgsløn. Likevel gjaldt heile 35 prosent (314 av 882) av klagen til Fylkesmannen på sosiale tenester i 2008 tildeling av omsorgsløn.

Statens helsetilsyn har oppsummert kunnskap frå forskning, offentleg statistikk og erfaringar frå tilsyn og klagesaker. I 2009 gjekk vi gjennom alle klagesakene på omsorgsløn frå 2007 i eit fylke og frå 2008 i eit anna fylke. Dette utgjorde til saman 37 klagesaker på tildeling av omsorgsløn. I heile 21 av desse sakene blei vedtaket i kommunen endra eller oppheva av Fylkesmannen. Dette inneber ein fare for rettstryggleiken både til omsorgstrengande og omsorgslønmottakarar.

Omsorgslønordninga har gong på gong vore på den politiske dagsordenen, som spørjetimespørsmål, dokument 8-forslag og i stortingsmeldingar.

Statens helsetilsyn meiner det er eit rettstryggleiksproblem at ordninga, etter 20 år, ikkje blir praktisert meir einskapleg.

Vi har sendt kunnskapsoppsummeringa over til Helse- og omsorgsdepartementet med tilråding om å sjå nærare på omsorgslønsordninga og gjere endringar som er med på å betre rettstryggleiken og reduserer faren for svikt i tenestetilbodet til personar som treng omsorg.

Statens helsetilsyn har også bede fylkesmennene om å rette merksemda mot praktiseringa av omsorgslønsordninga i kommunane i 2010.